



Karsten Pedersen Johnsen
Ingeskjeret 3
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/16288 - 21/3450

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
18.01.2021

Førebels svar på klage - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 309/140 Hjertås

Tiltak: Garasje og veranda
Byggjestad: Gbnr: 309/140
Tiltakshavar: Karsten Pedersen Johnsen
Ansvarleg sækjar:

Kommunen har gått gjennom klage på avslag på søknad om oppføring av terrasse den 29.12.2020. Før vi kan ta stilling til klagen, ber vi om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Vi må ha nye fasadeteikningar og snitt-teikningar som viser omfang og utstrekning av omsøkt terrasse saman med huset. Dei nye teikningane må vise huset, terrassen og dei endringar slik det er skissert i klagen pkt. 3, der terrassen skal kles inn med spiler og i nøytral farge.

Vi legg ved godkjente teikningar av 06.12.1988 slik dei er vist til i løyve til generasjonsbustaden av 06.01.1989. Terrassen med endringar skal visast på dei godkjente teikningane slik det er illustrert ovanfor.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn **samla innan 08.02.2021**.

Klagen kan føre til at vedtaket vert endra av administrasjonen, jf. forvaltningslova § 33. Dersom administrasjonen opprettheldt vedtaket, vert klagen handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 10.03.2021. Møta vert halde på rådhuset. Meir informasjon om politiske møte ligg på Alver kommune si heimeside, sjå [her](#).

Handsaminga i Utval for areal, plan og miljø kan føre til at vedtaket vert endra, jf. forvaltningslova § 33. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert administrasjonen sitt vedtak oppretthaldt av Utval for areal, plan og miljø, vert klagen sendt til Statsforvaltaren i Vestland (tidlegare Fylkesmannen i Vestland) for endeleg avgjerd.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Siril Therese Sylta
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Teikningar av 06.12.1988 - sak 20_16288 - gbnr 139_140

Kopi til:

Karsten Pedersen Johnsen	Ingeskjeret 3	5918	FREKHAUG
--------------------------	---------------	------	----------

Mottakarar:

Karsten Pedersen Johnsen	Ingeskjeret 3	5918	FREKHAUG
--------------------------	---------------	------	----------